

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 293

5918 FREKHAUG

13.09.2017

Meland Kommune - Formannskapet

MERKNAD TIL SAK 100/2017

SAMARBEIDSAVTALE OM UTARBEIDING AV OMRÅDEPLAN FOR DALSTØ/MJÅTVEITSTØ

Underteikna er eigar av gnr. 22 bnr. 4 på Mjåtveit, og derfor ein stor del av B8 og grøntareala sør for dette, blant anna Toneset.

Vi har til orientering eit avtalt møte med planavdelinga i Meland kommune den 28.9, for å orientera om planane vi har for vårt område. Vi er for tida i kontakt med selskap for å setja i gang regulering av området.

Vi ser at delar av vårt område er lagt inn under planområde som Furefjellet AS har til å områderegulera. Dette gjeld delar av Tonesmarka og Toneset. Det gjeld også fellesområda med kaien og nausta i Mjåtveitstø, og det er tenkt gjennomgang/snarvegar gjennom sjølve Mjåtveitgarden.

For ordens skuld kan ein nemna at ein ikkje er invitert til å vera med i å utarbeida denne planen.

Tiltakshavar Furefjellet AS er ein av utbyggjarane i området med sine særinteresser. Firmaet ARD er leigt inn for å arbeida med planen.

28.04.17 hadde vi møte med ARD for å høyra om dei ville laga reguleringsplan for vårt område. Vi møttest med Jan Espen Vik. Det var eit konstruktivt møte, der representanten for ARD var tydeleg på at han ikkje ville utarbeida plan for oss, fordi dei alt hadde avtale med Furefjellet AS, og at det då kunne oppstå motstridande interesser. Det er derfor med undring vi registrerer at dei no skal laga ein områdereguleringsplan som omfattar store delar av vår eigedom.

Vi vil vera tydeleg på at vi ynskjer å vera med frå starten av når det gjeld utvikling av våre områder.

Etter det vi har oppfatta, ynskjer heller ikkje tiltakshavar å ha med vårt område i denne planen. Det gjer heller ikkje vi som grunneigarar. Etter det vi erfarer, har dette vorte pressa inn av tilsette i kommunen. Vi ber derfor om at vår eigedom (22/4) blir tatt ut av planen. Vi vil sjølve jobba med dette i våre planar, og samarbeider og samordnar gjerne med våre naboar.

Alternativet er at Meland kommune sjølv står for heile planarbeidet for området. Sjølv om det kan tolkast inn under kommuneplanens føresegner, meiner vi at kommunen bør vera forsiktig med å la ei interessegruppe stå for utarbeiding av ein slik plan.

Toneset er ein gamal husmannsplass som vi som grunneigarar har halde i hevd sidan byrjinga på 1960-talet. Vi har lagt vekt på å beita og rydda slik at Toneset framstår som den perla det er i dag. Vi ber derfor om forståing for at det kan verka svært provoserande at det no i orienteringen om planarbeidet står fylgjande: «Toneset kan egne seg som friområde i samarbeid med BOF».

Vi ynskjer å vera med i prosessane frå starten av, og vi vil ta det positivt om vi blir orientert og gjerne invitert til synfaringar i vårt område, og ikkje slik det foregår i dag.

Vonar på forståing for desse synspunkta, og ynskjer eit godt samarbeid med Meland kommune også i framtida.

Med helsing

Magnar Askeland

Astrid Askeland